

## Saksprotokoll 18.06.2020 - fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setje saka på saklista utan saksframlegg.

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette på vegner av Sp, A, Krf, Frp, H og FNB fram slikt forslag til uttale:

«Uttale frå fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune

Fylkesutvalet i Vestland ynskjer med dette å gje ros til dei som har bidrege til Stortinget sitt forlik om tiltakspakke til olje-, gass- og leverandørindustrien.

Olje-, gass- og leverandørindustrien er landets største økonomiske bidragsytar. I Vestland fylke er det 35 000 tilsette direkte knytt til olje- og gassnæringa. Det er også tusenvis av arbeidsplassar i leverandørindustrien i heile fylket, frå kyst til innerst i fjordane.

Fylkesutvalet takkar Stortinget for at ein finn saman i breie forlik i krisetider. Dette sikrar god oppslutning om ei tiltakspakke som er av avgjerande betydning for vårt fylke. Denne sikrar sysselsetjinga i landets fremste eksportfylke, og næringa sjølv antydar at den vil løyse ut omlag 115 milliardar i nye investeringar i år og til neste år. Dette gjev store ringverkander for sysselsetjinga i andre bransjar også, og det vil bidra til det grønne skiftet, og vedlikehald og utvikling av teknologikunnskapen i landet vårt.

Vestland fylkeskommunen har hatt eit aktivt trepartssamarbeid gjennom pandemien. Dette held fram i tida framover då me saman må få opp igjen sysselsetjinga i heile landet. Trepartssamarbeidet hadde den 16. juni møte med Stortingsbenken, og der understreka NHO og LO at medlemsbedriftene og LO-forbunda at tiltakspakka betydde særskilt mykje for satsinga i fylket.»

### Avrøysting

Øren Heen sitt forslag til uttale vart vedteke oversendt til Stortinget v/stortingsrepresentantane mot 2 røyster (MDG og SV).

### Vedtak

Uttale frå fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune

Fylkesutvalet i Vestland ynskjer med dette å gje ros til dei som har bidrege til Stortinget sitt forlik om tiltakspakke til olje-, gass- og leverandørindustrien.

Olje-, gass- og leverandørindustrien er landets største økonomiske bidragsytar. I Vestland fylke er det 35 000 tilsette direkte knytt til olje- og gassnæringa. Det er også tusenvis av arbeidsplassar i leverandørindustrien i heile fylket, frå kyst til innerst i fjordane.

Fylkesutvalet takkar Stortinget for at ein finn saman i breie forlik i krisetider. Dette sikrar god oppslutning om ei tiltakspakke som er av avgjerande betydning for vårt fylke. Denne sikrar sysselsetjinga i landets fremste eksportfylke, og næringa sjølv antydar at den vil løyse ut omlag 115 milliardar i nye investeringar i år og til neste år. Dette gjev store ringverkander for sysselsetjinga i andre bransjar også, og det vil bidra til det grønne skiftet, og vedlikehald og utvikling av teknologikunnskapen i landet vårt.

Vestland fylkeskommunen har hatt eit aktivt trepartssamarbeid gjennom pandemien. Dette held fram i tida framover då me saman må få opp igjen sysselsetjinga i heile landet. Trepartssamarbeidet hadde den 16. juni møte med Stortingsbenken, og der understreka NHO og LO at medlemsbedriftene og LO-forbunda at tiltakspakka betydde særskilt mykje for satsinga i fylket.